



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/53104-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.05.2016

Uttale – Offentleg ettersyn – Områdeplan Storheim – Austmarka – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 4. april 2016 med varsel om 1. gongs høyring av områdeplan for Storheim – Austmarka i Radøy kommune. Frist for uttale er sett til 1. juni 2016.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. I dette brevet uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Det skisserte veganlegget er ikkje i samsvar med våre handbøker, og drøftar ikkje standard og dimensjonering av veganlegg.

Planen legg til rette for at tre delområder (BB01-10) kan byggast ut utan vidare planlegging. Det er underforstått at felles og offentleg veganlegg, fleire kryss til Fv. 565, gang/sykkelveg og anna tilhøyrande infrastruktur vert bygd ut samstundes. Statens vegvesen meiner at detaljeringsgraden i planframlegget er for liten til at utbygginga kan gjennomførast. Statens vegvesen rår til at Hordaland Fylkeskommune fremjer ei generell motsegn til planen.

Saksopplysningar:

Planområdet er om lag 533 daa, lokalisert søraust på Radøy, mot kommunegrensa til Lindås. Sentralt gjennom heile planområdet går Fv. 565 Radøyvegen. Planframlegget omfattar også krysset mellom Fv. 565 og Fv. 407 sør i planområdet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Føremålet med planarbeidet er tilrettelegging og utvikling av bustadområde med tilhøyrande infrastruktur, barnehage, småbåthamn og serviceområde. Eit viktig plantema er trygg skuleveg til Sæbø skule som ligg like nord for planområdet. Planen legg mellom anna til rette for samanhengande gang- og sykkelveg langs og ved fylkesvegen.

Planforslaget legg til rette for utbygging av 234 bustadeiningar innanfor felt BB01-10, utan vidare detaljplanlegging. Det er estimert ei teoretisk folketalsvekst på om lag 608 personar med bakgrunn i denne utbygginga. Resterande bustadfelt er flateregulert, og vil ha plankrav før utbygging.

Ved oppstart av planarbeidet som vart varsla 27. april 2011 strakk planområdet seg lenger sørover, og omfatta fylkesveg 565 frå kommunegrense Lindås til Kalsnes / Storheimstø. I denne høyringa er sørlege del av planområdet tatt ut.

Planen bygger vidare på kommunedelplan for Radøy sør og arealdelen av kommuneplan for Radøy. Det er også fleire tilgrensande reguleringsplanar.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Nasjonal transportplan 2013-2024

Nasjonal transportplan 2013-2024 (NTP) har eit mål om å forbetre framkomelegheita for gåande og syklende, både i byområde, tettstader og distrikta. Regjeringa har også eit mål om at talet på drepne eller hardt skada i trafikken skal halverast innan 2024. Dette byggjer på Statens vegvesen si nullvisjon – ein visjon om null drepne eller hardt skada i trafikken.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

I retningslinja for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging heiter det blant anna at «*planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling*». Vidare heiter det også at «*utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løsnings, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima- og miljøvennlige transportformer*» og at «*planleggingen skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform*». Retningslinjene gjeld for planlegging i alle kommunar.

Vegnormalar

Vegnormalen N100 *Veg- og gateutforming* er utarbeida med heimel veglova § 13, og gjeld for planlegging og bygging av alle offentlege vegar.

Vurdering av planframlegget:

Statens vegvesen meiner det er fleire punkt i planen som gjeld trafikktryggleik og utforming av vegar som ikkje er tilstrekkeleg avklart gjennom dette planarbeidet. På bakgrunn av dette ser vi det som nødvendig å fremje ei generell motsegn til planen. Vi vil under legge fram døme på manglar som grunnleggjande motsegna:


Trafikkgrunnlag og dimensjonering av anlegg:

Planframlegget må drøfte trafikkgrunnlaget som ligg til grunn for planarbeidet, både noverande og framtidig. Det kjem ikkje fram kva standard og vegklasse anlegga vert dimensjonert etter. Vi meiner at først når veganlegget er riktig dimensjonert og viser kva areal det er behov for å gjennomføre planen, kan ein vurdere utforming av dei andre planføremåla.

Utforming av veganlegg, kryss, gang- og sykkelveg, busshaldeplasser med meir må vere tilpassa vegklassen i samsvar med våre handbøker. Plankartet må syne veganlegg (inkludert gang- og sykkelveg) med sideareal fullt ut. Vi vil særleg vise til Handbok «N100 Veg og gateutforming» og «N700 Tekniske teigninger», rettleiingshefte «V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss» og «V122 Sykkelhandboka» med fleire.

Planen legg til rette for at tre delområder (BB01–10) kan byggast ut utan vidare planlegging. Vi legg til grunn at felles og offentleg veganlegg, fleire kryss til Fv. 565, gang- og sykkelveg og annan tilhøyrande infrastruktur vert bygd ut samstundes. Statens vegvesen meiner at planen har for låg detaljeringsgrad til at infrastruktur kan byggast ut etter denne planen. Planen må teikne vegføremåla fullt ut, og til dømes syne areal til skjering / fylling.

For å illustrere dette poenget syner vi til utforming av kryss mot Fv. 565 (planføremål oKV04 mot oKV02 og oKV03 mot oKV01). Desse synest vesentleg underdimensjonert. Det må mellom anna dimensjonerast for venstresvingefelt på Fv. 565.




Utsnitt plankart: Kryssutforming mot Fv 565 (oKV01 og oKV03).


Eit anna døme er at gang- og sykkelveg må regulerast på lik linje som anna veganlegg, med dimensjonerande klasse og sideareal. Det eigne er krav til sikt der gang- og sykkelveg kryssar annan veg, og siktlinjene må gå fram av plankartet. Der gang- og sykkelveg kryssar veg skal gang- og sykkelveg vere tilbaketrekt og i samsvar med våre prinsippsskisser.

Minimumsradius (horisontal) for gang- og sykkelveger er $R_h=40$ meter, og det må leggest til grunn ved vidare planlegging. Byggegrense mot gang- og sykkelveg er 15 meter, og dette må komme fram av plankartet eller føresegnene.

Utforming og sikt gang- og sykkelveg



Eksempel på prinsippkisse for utforming og sikt tilbaketrekt gang- og sykkelveg.



Utsnitt plankart: Gang- og sykkelveg kryssar fellesveg mot byggefelt BB06–09. Kryssing må vere tilbaketrekt i samsvar med våre prinsippkisser og syne siktlinjer.

Støykart:

Planframlegget har lagt til grunn støykart utarbeida av Statens vegvesen, jamfør *Planskildring pkt 8.14*. Våre støykart er å sjå på som «varslingskart», og kan ikkje nyttast til detaljplanlegging. Det må difor utarbeidast eigne støykart og støyvurderingar i samsvar med «*T-1442 Retningslinjene for behandling av støy i arealplanlegging*». Dette støykartet skal legge rammer for lokalisering av bustader og uteopphaldsareal, og syne behov for eventuelle støytiltak. Støyvurderinga må føreligge før 2. gongs handsaming av områdeplanen.

Universell utforming:

Planskildring pkt. 8.13 *Trafikkareal* har problematisert rundt omgrepet «Trygg skuleveg» som er nytta i føresegnene. Det vert der vist til at «Trygg skuleveg» like gjerne kan vere ein sti. Statens vegvesen er svært usamd i denne tolkinga. Ein må leggje til grunn at skulevegen skal vere open for alle til dei ulike årstidene. Det er ikkje stilt krav til kva type dekke stien skal ha, om det er naudsynt og mogleg med vintervedlikehald, lyssetjing langs stien mm. Det er heller ikkje sett avgrensing i tid kor lenge stien skal fungere som trygg skuleveg. Ein slik sti kan berre vere eit supplement til eit universelt utforma tilbod.

Byggjegrænse:

Nye bygg og innretningar må plasserast utanfor byggjegrænsa. I tilgrensande plan «Austmarka» nord for planområdet er byggjegrænsa mot Fv. 565 30 meter frå vegmidte. Statens vegvesen kan akseptere ei byggjegrænse på 30 meter frå vegmidte i dette planarbeidet også. Det er eigne byggjegrænser mot gang- og sykkelveg. Den generelle byggjegrænsa mot gang- og sykkelveg er 15meter, og byggjegrænsa i plankartet må også omfatte dette.

Til byggefelt BB06–09 er det til dømes satt ei byggjegrænse frå vegmidte til fylkesveg på 23 meter, men ingen byggjegrænse mot g/s veg. Dette, i lag med at krysset mot fv. 565 ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert, gjer at utstrekninga av byggeområde BB06–09 må vurderast på nytt.

Parkeringsplass f.PP03 i tilknytning til byggeområde BB10 må vurderast i høve til byggjegrænse både mot veg og gang- og sykkelveg.

Føresegner:

Trygg skuleveg: Eit sentralt plantema er trygg skuleveg til Sæbø skule. Føresegnene til planen er utydlege og lite forplikande. Det kjem mellom anna ikkje fram kor tid gang- og sykkelveg til Sæbø skule skal opparbeidast og kven som skal realisere den. Det er ikkje tydeleg definert kva omfang trygg skuleveg har. Sett i samanheng med planskildringa pkt 8.13 vert omgrepet utvatna.

Annan veggrunn: Det går fram av føresegnene § 1.1.5 at det skal setjast av 0,5 – 1 meter vegteknisk areal langs alle vegar. Annan veggrunn må synast i plankartet og behovet for areal må dimensjonast etter veganlegget.

Tekniske teikningar:

Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss / avkøyrslé, busshaldeplass og gang- og sykkelveg, må skje i samråd med Statens vegvesen. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til tiltaka i planen.

Tekniske teikningar for planen utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 *Tegningsgrunnlag* og tilpassa omfanget av den aktuelle planen vil vere eit godt


utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ber om å få tilsendt oppdaterte tekniske teikningar for gjennomsyn før planen blir lagt ut for 2. gongs høyring.

Kollektivterminal og pendlarparkering:

Lokalisering og utforming av kollektivterminal og busshaldeplassar må vurderast i samråd med Skyss. Statens vegvesen har fleire merknader til planlagde utforming. Mellom anna kjem kryss og avkjørsler for tett på kvarandre, og det er ikkje regulert avkjørsle til o_PP02. Det er ikkje synt tilfredstillande kryssing for gang /sykkelveg ved oKV04. Veg fKV15 og oKV14 bør samordnast.

Busshaldeplass:

Busslommer skal følgje vegnormalen. Vi viser til kollektivhandboka V123.



Utsnitt av plankart: Løysing av kollektivterminal og pendlarparkering, utforming av kryss Fv 407 og Fv. 565. Fartsgrensa er 80 km/t på oKV04 og 60 på oKV02.

Tilgrensande planar:

Planen syner ikkje korleis avkjørsel for byggeområde BB10 er løyst. Det er ikkje samsvar mellom planføremåla i denne planen og tilgrensande plan for «Austmarka Øvre».

Plangrense:

Vi finn det riktig å kommentere at planområdet frå Lindås grense til Kalsnes er tatt ut av planen. Denne del av planen tok føre seg Fv 565 og sideareal slik at ein kunne planlegge for gang- og sykkelveg langs denne strekninga. Statens vegvesen kommenterte både i oppstart til planarbeidet og i e-post at denne del av planen må ha større fokus på avkjørslesanering. Vi meiner at det vil vere ein fordel for Radøy kommune å ta dette inn igjen i planarbeidet.

Dersom ein finn gode løysingar for denne strekninga, kan det vere lettare å få finansiering for å bygge gang- og sykkelveg her.

Sluttord:

Statens vegvesen meiner det er viktig å få til ein godt gjennomarbeidd plan som tek nødvendige omsyn til trafikktryggleiken og omsynet til mjuke trafikantar. Statens vegvesen har vesentlege merknader til planframlegget slik det ligg føre, og meiner at sentrale plantema som samordning av infrastruktur og «Trygg skuleveg» ikkje er løyst tilfredstillande gjennom dette planarbeidet.

Offentleg infrastruktur er for lite detaljert i plankartet. Det gjer at ein ikkje veit om det lar seg gjere å bygge infrastrukturen slik planen legg opp til. Vi kan difor ikkje ta endeleg stilling til planframlegget. Statens vegvesen meiner at det vidare planarbeidet må legge til grunn ein vegstandard, då har ein nøkkelen som skal til for å dimensjonere dei ulike vegelementa. Framlegget må også ta stilling til dei ulike løysingane (m.a. om ein skal bygge over- eller undergang) og vurdere gjennomføring av plan, og behov for areal i anleggsfasen. Planframlegget er for lite detaljert til å kunne opne for utbygging av delfelt BB01–10 etter denne planen.

Statens vegvesen rår til at Hordaland Fylkeskommune fremjer ei generell motsegn til planarbeidet fordi det er grunnleggande element som må på plass før vi kan vurdere planarbeidet fullt ut. Difor er våre merknader ikkje utfyllande når det gjeld konkrete punkt i planen.

Dersom det er behov for det, kan vi gjerne stille oss til disposisjon for å diskutere og gje råd til planarbeidet.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

